

## Sjukehusapoteka Vest HF

### ÅRSMELDING 2015

#### VERKSEMD OG FØREMÅL

Sjukehusapoteka Vest HF er eit sjølvstendig helseføretak eigd av Helse Vest RHF med føremål å vera farmasifagleg kompetansesenter i helseregionen. Helse Vest utøvar si styring via eit årleg styringsdokument som blir lagt fram i eit føretaksmøte mellom Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest RHF.

Sjukehusapoteka Vest eig og driv sjukehusapotek i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde. Føretaksadministrasjonen er lagt til Bergen. Sjukehusapoteka Vest leiger lokale til sin drift ved dei største sjukehusa i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Desse sjukehusa er også Sjukehusapoteka Vest sine hovudkundar. Aktiviteten i verksemda er i all hovudsak knytt til produksjon og sal av legemiddel, og levering av farmasøytisk rådgjeving til sjukehus/ institusjonar og til pasientar/ publikum.

#### FOKUSOMRÅDER I 2015

Volumet av legemiddel levert til sjukehusa og talet på ekspederte reseptar har auka dei siste åra. Samstundes som prisar og marginar på legemiddel har flata noko ut i Noreg held trenden fram i spesialisthelsetenesta med overgang til nye, innovative og meir kostbare legemiddel. Utviklinga fører til at inntektene for Sjukehusapoteka Vest ikkje aukar parallelt med aktivitetsauken. Dette krev kontinuerleg arbeid med effektivisering av både drift og administrative prosessar. Som eit ledd i dette er det investert i betre logistikksystem og lagerautomatar som gjev både meir effektive logistikkprosessar og auka tryggleik for levering. Samstundes har det vore arbeid med å effektivisere og kvalitetssikre felles arbeidsprosessar for apoteka som gjev låg kostnad og god pasienttryggleik. Det har vore gjort gjennom etablering av eit prosessbassert verksemdsstyrings-system (SAVvy). Arbeidet med dette har kome langt i 2015. Det har også vore gjennomført eit prosjekt i 2015 for oppdatering av beredskapsplanen for føretaket. Dette arbeidet er ferdigstilt. Beredskapsplanen er godkjent av styret og implementering av planverk og tilhøyrande aktivitetar (kompetanseheving, øving etc.) er sett i gong.

2015 er fyrste år med ny grossist. Etter anbodskonkurranse vart Alliance Healthcare Norge AS valt som grossist til alle sjukehusapotekføretak i Norge. Skifte var planlagt og gjennomført frå 1.1.2015.

Gjennom 2015 har Sjukehusapoteka Vest hatt fokus på følgjande tiltak for å betre pasienttryggleiken saman med sjukehusføretaka:

- fleire apotekstyrte legemiddellager (ASL)
- auka farmasøytisk rådgjeving og undervisning
- auka klinisk farmasi gjennom pasientretta tenester

I samband med program for pasienttryggleik sitt forprosjekt om legemiddelsamstemming, har Sjukehusapoteka Vest bidrege med innspel til prosess og måleindikatorar. Arbeidet vert vidareført det komande året i eit nytt prosjekt for legemiddeltryggleik. Det skal felles prosessar på legemiddel-området, samstemming og andre vegvalg frå LOP skal takast vidare. Sjukehusapoteka Vest har vore delaktig planlegging av prosjektet og meldt inn ressursar til deltaking i det praktiske

prosjektarbeidet. Innan pasienttryggleik har Sjukehusapoteka Vest også bidrege med betydelege ressursar til Helse Vest sitt kvalitetsprosjekt, Legemiddel og kurve (KULE). Prosjektet vil få stor verknad for korleis Sjukehusapoteka Vest samhandlar med sjukehusføretaka innanfor både legemiddelforsyning og farmasøytisk rådgjeving.

I løpet av 2015 har ein erfart sterkt aukande legemiddelkostnad særskilt knytt til nye behandlingsmetodar innan kreft og nye biologiske legemiddel. Kostnadsutviklinga krev god styring og kontroll ved legemiddelbestilling og bruk. Sjukehusapoteka Vest har fokus på dette i tett samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka i Norge og helseføretaka i Helse Vest. Dette arbeidet vert vidareført i 2016.

Innan publikumsekspedisjon er det fokus å innrette drifta i samsvar med ESA krav gjeldande frå 2015. Denne delen av verksemda vart og skattepliktig frå og med 2015. Rekneskapsmessige utskiljing av publikumsekspedisjonane er gjennomført og skattekostnad er berekna. Vidare er det gjort tiltak for vidareutvikle verksemdsområdet med fokus på tiltak for å betre inntening og samstundes styrkje publikumsutsala sin rolle i pasientforlaupet på sjukehusa.

Eit siste fokusområde som har teke mykje kapasitet i 2015 er bruk og vidareutvikling av miljøstyring i organisasjonen. Sjukehusapoteka Vest vart miljøsertifisert av Det Norske Veritas (DNV) i november 2014, og har i 2015 har fokus på drift av systemet som er etablert.

## **ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE**

### ***Organisering***

Sjukehusapoteka Vest er organisert med same organisasjonsstruktur med apotek og stabssavdelingar som nivå 2 og avdelingar som nivå 3, og avdelingsleiarar med same type fullmaktar innan områda fag, økonomi og personale. Fullmaktmatrixa er revidert med tydeleg avgrensing av myndigheit på dei 3 fullmaktsnivåa og er del av leiaravtalar ved tilsetjing.

Jobb-beskriving på alle nivå tydeleggjer ansvar innan etikk, ytre miljø og prosessleiing forutan leiar/medarbeidarkrav og konkrete arbeidsoppgåver.

### ***Rekruttering***

SAV har i 2015 halde fram med fokus på kvalitet i rekruttering. Ein har delteke på fleire fag- og utdanningsmesser og teke i bruk sosiale media for å treffe potensielle tilsette. Rekruttering av leiarar er framleis ein utfordring.

### ***Kompetanseutvikling***

Kompetanseutvikling er heimla i føretaket sin strategi og konkretisert i årleg handlingsplan for kompetanse. Fokus har i 2015 vore å etablere kompetanseplanar i Kompetanseportalen, sett i relasjon til propsessar i verksemdstyringssystemet. Fokus på arbeidsplassen som læringsarena, utvikling av leiarar, kundekommunikasjon og sal samt klinisk farmasi held fram.

Dei totale tala på kursdeltaking har gått litt ned i 2015 frå 2014, årsak bortfall av 121 elæringskurs frå tidlegare grossist. Sjukehusapoteka Vest hadde i 2015 159 e-læringskurs og 58 klasseromskurs tilgjengeleg. Kvar tilsett i SAV har teke i gjennomsnitt 7,8 kurs i 2015, ei auke frå 7,5 i 2014.

### ***Systematisk Helse Miljø og Tryggleik :***

Føretaket har i 2015 vidareført fokus retta mot helsefremjande arbeidsmiljø. Helse, miljø og tryggleik (HMT), er fast sak i styre- og leiar møte, samt i samhandling med fagorganisasjonane og i arbeidsmiljøutval (AMU). Ein har forenkla struktur på lokalt samarbeid om arbeidsmiljø for å sikre betre kvalitet. Årsmelding 2015 for Føretaksarbeidsmiljøutvalet (FAMU) vert handsama i FAMU sitt møte 18.02.2016.

Hovudområda i HMT handlingsplan har vore;

- IA - sjukefråvær
- Systematisk HMT
- Avvikshandtering
- Ytre Miljø
- Psykososialt arbeidsmiljø, og arbeidsmiljøpris
- HMT kartlegging - HMT handlingsplan

Årleg HMT-kartlegging syner at føretaket i stor grad har eit godt arbeidsmiljø. Resultat på brannvern er svært gode, og tal på organisatorisk HMT er kraftig forbetra sidan 2012. Hovudelement som i høve til kartlegginga kan forbetrast er knytt til opplevd tidspress og psykososiale forhold, men tala syner auka tilfredshet samanlikna med perioden 2012-14. Sjukehusapoteka Vest inngår i Helse Vest si HMT-satsing, og deltek i regional samanheng. Registrerte HMT-avvik i 2015 viser ein gledeleg svak auke samanlikna med tidlegare år og betre kvalitet på sakshandsaming. Talet på ikkje opna avviks-saker er no nesten ikkje eksisterande.

#### ***Sjukefråvær:***

Fokus på sjukefråvere har halde fram i 2015. Det totale sjukefråveret i Sjukehusapoteka Vest i 2015 var i snitt 8,1 % mot 7,7 % i 2014. Sjukefråvere auka hausten 2015 men trend sjukefråvere 2015 er fallande. Føretaket si målsetting er, i tråd med målsetning for Helse Vest, å få sjukefråveret ned i 5,5 %. Sjukefråvere har samanheng med fleire forhold, da spesielt leing, kultur og medarbeidarskap, kvalitet i rekruttering og organisering av arbeidsprosesser. Føretaket har ei rekke systematiske tiltak innanfor desse alle desse områda. Ein har mellom anna halde heildags opplæring for leiarar, tillitsvalde og vernetenesta på alle apotek i 2015, i samarbeid med BHT.

#### ***Likestilling:***

Sjukehusapoteka Vest er ein kvinne-dominert arbeidsplass. Av i snitt 207 årsverk i 2015 var det 19 menn. I leiargruppa var fordelinga 5 kvinner og 2 menn. Styret i føretaket var per 31.12.15 sett saman av 5 kvinner og 4 menn. Av 4 sjukehusapotekarar er ingen menn. Av 12 avdelingsleiarar er 1 mann. Sjukehusapoteka Vest har lik handsaming av kvinner og menn ved rekruttering, lønnsfastsetjing og utvikling. Der det er mogleg å jamstille gjennomsnittsløna for kvinner og menn, er det ingen skilnader i lønnsnivå. Omfanget av overtid er relativt sett jamt fordelt mellom kvinner og menn.

#### ***Inkludering, mangfald og likeverd:***

Helseføretaks gruppa i Helse Vest har felles regional målsetting for inkludering og mangfald som skal spegla samfunnet og gjera oss i stand til å møte mangfaldet blant pasientar og pårørande.

Målet er at mellom 6 og 10 % av medarbeidarane skal ha innvandrarbakgrunn, fordelt omtrent likt mellom vestlege og ikkje vestlege innvandrarar. Ved annonsering og rekruttering vert dette opplyst om og følgd opp. Personalleiarar vert kursa i rekruttering og temaet diskriminering grunna kjønn, etnisk opphav, og funksjonshemming er del av denne opplæringa.

Siste tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) syner at føretaket har totalt har 21,9 % medarbeidarar med innvandrarbakgrunn for delt på 8,8 % frå norden og vesteuropa, 3,9% frå austeuropa, 1,8 % frå land utenom EU/EØS og 7,5 % tilsette frå andre land.

#### ***Talet på årsverk:***

Talet på brutto årsverk i gjennomsnitt i 2015 var 207 mot 215 året før. Talet på netto årsverk i gjennomsnitt i 2015 var 166 mot 171 året før.

## YTRE MILJØ

Verksemda i Sjukehusapoteka Vest kan i nokon grad føre til ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Sjukehusapoteka Vest vart miljøsertifisert i 2014. Arbeidet med miljø styring aukar føretaket sin kjennskap til miljøkonsekvensane av eigen verksemd med fokus på ein miljøpolitikk for å endre verksemda i ein meir miljøvennleg retning. Det er og oppretta ein funksjon som miljøkoordinator ved kvart apotek og i føretaksadministrasjonen. Kvalitetsleiar har ei koordinerande rolle for dette arbeidet i organisasjonen.

## ÅRSREKNESKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen ei rettvisande oversikt over utviklinga og resultatet av føretakets verksemd og stilling.

### *Risikoforhold*

Sjukehusapoteka Vest er pålagt gjennom vedtak i ESA (EFTA sitt overvakingsorgan) å gjennomføre endring i kva resultatkrav som vert sett til publikumsekspedisjon og her under nye krav til skattlegging og regnskapsføring av denne delen av verksemda. 2015 er fyrste år med skatteplikt for publikumsekspedisjonane. Skattekostnad og utsatt skatt kjem fram av rekneskapen.

Føretaket er i mindre grad eksponert for endringar i valutakursar og endringar i flytande rente. Risikoen er låg for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar, då debitorar hovudsakeleg er andre helseføretak og NAV/ HELFO. Ein vurderer likviditeten i føretaket som god, og det er ikkje vedteke å innføre tiltak som endrar likviditetsrisiko.

### *Økonomisk drift:*

Samla omsetning i Sjukehusapoteka Vest HF er i 2015 kr. 976.372.141 mot kr. 913.837.615 i 2014, ein auke på 6,8 %. Resultat frå drifta er i 2015 kr 12.967.246 mot kr. 28.821.700 i 2014, ein nedgang på 55,0 %. Nedgang i driftsresultat samanlikna med 2014 skuldast auka personalkostnader med i alt kr 31,3 mill. hovudsakleg som følge av auka pensjonskostnad og resultatført verknad i 2014 av innført levealdersjustering for offentlege tenestepensjonsordningar. Ikkje resultatført estimat avvik i pensjonsordninga er kr 94.482.519. Eigenkapitalen er tilfredstillande i denne samanheng. Ut over dette er endringa knytt til lågare bruttomargin på sal av varer og auke i driftskostnader mellom anna frå driftsavtale med Helse Vest IKT og eksterne tenester i samband med utviklingsprosjekt. Netto finansresultat for 2015 er kr. 1.310.624 mot kr. 1.724.010 i 2014, ein nedgang på 24 %. Nedgang frå 2014 skuldast i hovudsak reduserte renteinntekter. Samla resultat for 2015 er kr. 15.328.890 mot kr. 30.545.711 i 2014.

### *Forslag til disponering av overskott:*

Styret føreslår at overskotet for 2015 vert overført til anna eigenkapital.

Overføring til anna eigenkapital	kr	15.328.890
<b>Totalt disponert</b>	<b>kr.</b>	<b>15.328.890</b>

Eigenkapitalen i føretaket per 31.12.2015 er:

<u>Eigenkapital</u>	<u>kr.</u>	<u>146.821.330</u>
---------------------	------------	--------------------

Likviditetsbeholdninga pr. 31.12.2015 var kr 4.667.617, som er ein nedgang på kr. 50.768 frå 2014. I tillegg har Sjukehusapoteka Vest innskot på konsernkontoordning i Helse Vest på kr 99.123.336. Dette inngår i regnskapet som krav på morselskapet i omløpsmidlane.

## FRAMHALD AV DRIFTA

Etterspurnaden etter helsetenester aukar, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Etterspurnaden etter varer og tenester frå Sjukehusapoteka Vest HF er tett knytt opp mot aktivitetsnivået i sjukehusføretaka, som er hovudmottakar av Sjukehusapoteka Vest sine varer og tenester. Ein legg til grunn at dette ikkje vert endra på kort sikt. Rekneskapen er difor avlagt under føresetnad om framhald av drifta.

Bergen, 13. april 2016

Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

Maria Borch Helsingreen  
Styreleiar

Olav Godtfred Klausen  
Nestleiar

Jon Bolstad  
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne  
Styremedlem

Anne Sissel Faugstad  
Styremedlem

Per Karlsen  
Styremedlem

Bente Mari Rolfsnes  
Styremedlem

Marianne Saugestad  
Styremedlem

Gunvald Andreas Iversen  
Styremedlem

Ola Rye  
Konstituert administrerande  
direktør